# Årsregnskap for regnskapsåret 2009

Organisasjonsnr: 980 518 043
Navn/foretaksnavn: SUNNFJORD GOLFKLUBB
Forretningsadresse: Golfbanen Bjørkelia
6847 VASSENDEN

Brønnøysundregistrene
06.09.2020

Brønnøysundregistrene

Regnskapsregisteret

# VEDLEGG TIL ÅRSREGNSKAP 2009

Brønnøysundregistrene
Regnskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

| | | |
|---|---|---|
| SUNNFJORD GOLFKLUBB<br>Postboks 48<br>6847 VASSENDEN | Organisasjonsnr.<br>980 518 043 | FLI<br>FRIV |

| Registrerte opplysninger per 05.05.2010 | | Eventuelle endringer dette regnskapsåret | |
|---|---|---|---|
| Startdato | Avslutningsdato | Startdato | Avslutningsdato |
| 01.01.2009 | 31.12.2009 | | |
| Konsernforhold | Morselskap | Endret konsernforhold | |
| Foreninger som følger regler for frivillig virksomhet, kan ikke være morselskap | NEI | ☐ Morselskap | ☐ Ikke morselskap |

Årsregnskapet er satt opp etter reglene for frivillig virksomhet ☐ Avkrysning er kun aktuelt for foreninger (FLI) som er registrert i Frivillighetsregisteret

Hvis enheten ikke følger norsk regnskapslov eller frivillighetsregisterloven, kryss av ☐ IFRS/ Forenklet IFRS selskap ☐ IFRS/ Forenklet IFRS konsern

Hvis enheten velger å avvike fra regnskapsloven § 6-1, kryss av ☐ Funksjon selskap ☐ Funksjon konsern

Følges regnskapsreglene for små foretak? ☐ Ja ☐ Nei

Jeg bekrefter at vedlagte årsregnskap er fastsatt av kompetent organ den Dato

Sted/dato, Underskrift av representant for enheten

## Bare til bruk for Regnskapsregisteret

Koso

G ☒ NYVE ☐ Admr ☐ Kregn Ja ☐ Nei ☒ Utl kregn ☐

M ☐ Rets ☐ Ant.s 25

☐ ov.b ☐ årsb ☐ res ☐ bal ☐ e.bal ☐ gj.bal ☐ rev ☐ i-rev ☐ k-res ☐ k-bal ☐ k-n ☐ k-rev ☐ i-k-rev ☐ n

☐ alm.n ☐ kto ☐ d.k ☐ ik-fv ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ funk ☐ u.off ☐ brev

BR-1001-09

## Resultatregnskap for 2009
**SUNNFJORD GOLFKLUBB**

| | Note | 2009 | 2008 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekt | | 1 396 183 | 1 495 831 |
| Annen driftsinntekt | | 12 299 | 5 801 |
| Sum driftsinntekter | | 1 408 482 | 1 501 632 |
| Lønnskostnad | 1 | (374 819) | (648 670) |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiend( | | (131 057) | (150 906) |
| Annen driftskostnad | | (725 001) | (770 236) |
| Sum driftskostnader | | (1 230 877) | (1 569 812) |
| Driftsresultat | | 177 605 | (68 180) |
| Annen renteinntekt | | 2 309 | 1 792 |
| Sum finansinntekter | | 2 309 | 1 792 |
| Annen rentekostnad | | (176 478) | (230 009) |
| Sum finanskostnader | | (176 478) | (230 009) |
| Netto finans | | (174 169) | (228 217) |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 3 435 | (296 397) |
| Ordinært resultat etter skattekostnad | | 3 435 | (296 397) |
| Ekstraordinære poster | | 5 950 | 0 |
| Årsresultat | | 9 385 | (296 397) |
| **Overføringer** | | | |
| Udekket tap | | 9 385 | (31 497) |
| Overføringer til/fra annen egenkapital | | 0 | (264 900) |
| Sum overføringer og disponeringer | | 9 385 | (296 397) |

# Balanse pr. 31. desember 2009
## SUNNFJORD GOLFKLUBB

| | Note | 2009 | 2008 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | | 3 071 047 | 3 133 073 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og ligner | | 276 153 | 345 184 |
| Sum varige driftsmidler | 2. | 3 347 200 | 3 478 257 |
| **Finansielle anleggsmidler** | | | |
| Investeringer i aksjer og andeler | | 250 | 250 |
| Sum finansielle anleggsmidler | | 250 | 250 |
| Sum anleggsmidler | | 3 347 450 | 3 478 507 |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | | 2 200 | 12 500 |
| Sum fordringer | | 2 200 | 12 500 |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | | (193 338) | (236 935) |
| Sum bankinnskudd, kontanter og lignende | 3. | (193 338) | (236 935) |
| Sum omløpsmidler | | (191 138) | (224 435) |
| Sum eiendeler | | 3 156 312 | 3 254 072 |

## Balanse pr. 31. desember 2009
**SUNNFJORD GOLFKLUBB**

| | Note | 2009 | 2008 |
|---|---|---|---|
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Annen innskutt egenkapital | 4. | 715 800 | 660 300 |
| Sum innskutt egenkapital | | 715 800 | 660 300 |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Udekket tap | | (22 111) | (31 497) |
| Sum opptjent egenkapital | | (22 111) | (31 497) |
| Sum egenkapital | | 693 689 | 628 803 |
| **Gjeld** | | | |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | | 2 324 993 | 2 347 267 |
| Sum annen langsiktig gjeld | 5. | 2 324 993 | 2 347 267 |
| Sum langsiktig gjeld | | 2 324 993 | 2 347 267 |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 8 789 | 51 879 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 44 519 | 72 227 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 84 323 | 153 896 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 137 630 | 278 002 |
| Sum gjeld | | 2 462 623 | 2 625 269 |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | | 3 156 312 | 3 254 072 |

Skei 29.01.2010

Ole Jacob Bye
leiar

Ola Håheim
nestleiar

Eva Soneson

Leiv Årseth

Sveinung Nordtveit

**SUNNFJORD GOLFKLUBB**
**Notar til rekneskapen for 2009**

**Rekneskapsprinsipper**
Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

a) **Driftsinntekter**
Inntektene vert inntektsført etter kvart som dei er opptent.

b) **Omløpsmidlar/Kortsiktig gjeld**
Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld er postar som forfell til betaling innan eit år.

c) **Fordringar**
Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande.

**Note 1. Lønnskostnader**

| | **2009** | **2008** |
|---|---|---|
| Lønn | 295.785 | 512.695 |
| Avsette feriepengar | 37.03 3 | 61.377 |
| Arbeidsgjevaravgift | 35.633 | 62.050 |
| Pensjonskostnader | 6.368 | 8.548 |
| Andre lønnskostnader | | 4.000 |
| **Sum** | **374.819** | **648.670** |

Det er ikkje betalt honorar til styret, revisor, dagleg leiar eller andre.

**Note 2. Anleggsmidlar**

| | Golfanlegg | Bygningar | Maskiner | Sum 2009 | Sum 2008 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kostpris 1.1 | 1 582 440 | 1 752 650 | 873 608 | 4 208 698 | 3 987 698 |
| Tilgang | | | | | 234 000 |
| Avgang | | | | | 13 000 |
| Kostpris 31.12 | 1 582 440 | 1 752 650 | 873 608 | 4 208 698 | 4 208 698 |
| Akkumulerte avskr. 1.1 | 0 | 202 017 | 528 424 | 730 441 | |
| Akk. avskrivingar 31.12 | 0 | 264 043 | 597 455 | 861 498 | 730 441 |
| Balanseført verdi 31.12 | 1 582 440 | 1 488 607 | 276 153 | 3 347 200 | 3 478 257 |
| Årets avskrivningar | 0 | 62 026 | 69 031 | 131 057 | 730 441 |

**Note 3. Bankinnskot, kontantar og liknande**
Skattetrekksmidlar på bunden konto er kr 0,- pr. 31.12.09.

**Note 4. Spelerett medlemer**
Tilgang i 2009 var kr 55 500, totalt pr. 31.12.09 kr 715 800.

**Note 5 Langsiktig gjeld**
Lån 3706. 03.35207 i Sparebanken Sogn og Fjordane er avdragsfritt også i 2009. Lånet utgjer kr 2 233 332 og har pant i alle aktiva.

Lån 3706.10.52756 i Sparebanken Sogn og Fjordane. Betalt avdrag kr 21 671,- Lånet utgjer pr. 31.12.09 Kr 91 661

Sunnfjord Golfklubb
P.boks 48
6847 Vassenden

Vassenden 17.03.2010

Til
Brønnøysundregistra
Einingsregisteret
8910 Brønnøysund

Endringar etter årsmøtet for 2009.

Vedlagt følger:
Signaturen til nye og "gamle" styremedlemmer
Årsmelding for 2009.
Resultatrekneskap 2009
Revisjomelding.
Møtebok årsmøte

Sunnfjord Golfklubb

Ole Jacob Bye styreleiar

Sunnfjord Golfklubb

Førde, den 19. februar 2010

**Regnskap 2009**

Selskapets regnskapsføring fremstår som ryddig og balansepostene er godt dokumentert.

Det er ikke penger på skattetrekkskonto 31.12. Skulle vært minst kr 12.919 tilsvarende skyldig skattetrekke for 6. termin. Dette blir presisert i min revisjonsberetning.

Konto for postgiroinnskudd står uendret med kr 3.034,96. Kontoen bør avsluttes eller så må en hvert år innhente kontoutdrag og føre evnt renteinntekter.

I leverandørreskontroen står leverandør 20075 med en debetsaldo på kr 2.500. Sannsynlig en inng faktura som ikke er bokført. Leverandør 20086 en debetsaldo på kr 616. Dette er en kreditnota hvor faktura sannsynlig ikke er ført.

Utover dett har jeg ikke avdekket feil eller mangler.

Vedlegger revisjonsberetning for 2008 og ber om å få tilsendt regnskap signert av styre på faks 57 82 76 01 eller pr mail kurt.hyllestad@interrevisjon.no

Når det gjelder revisjon for 2010 og kommende år, ber jeg om at dere finner en annen som kan gjøre dette. Regnskapet er nå ryddig og godt avstemt fra regnskapsfører og jeg tror ikke det vil være problem for en annen regnskapskyndig person å gjennomgå det.

Dersom jeg skal fortsette må vil jeg ta jobben gjennom Inter Revisjon Fjordane AS og be om et honorar for 2010 på NOK 5.000 inkl mva.

Kurt-Inge Hyllestad

Orginal sendt ER, kopi oss RR 30/4-2010 [illegible]

# REFERAT

## Årsmøte 2009

## SunnFJORD GOLFklubb

## Rica Sunnfjord Hotel 23. februar 2010

## Innleiing

Møtet vart starta med 1 minutts stillheit til minne om Per Eggen.

Leiv Årseth vart utnemnd til æresmedlem i Sunnfjord Golfklubb ved akklamasjon.

## 1. Konstituering:

a) Val av ordstyrar
   Vald: Sveinung Nordtveit
b) Val av referent
   Vald: Arnar Helgheim
c) Val av to til å skrive under møtebok
   Vald: Odd Anders Vie og Knut Gunnar Fonn.
d) Ingen merknadar til innkalling og sakliste.

## 2. Årsmelding

Årsmeldinga har vore tilgjengeleg på www.sunnfjord-golfklubb.no.
Ordstyrar gjekk gjennom årsmeldinga ved å referere til overskriftene og gi høve til merknadar.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Donovan Goosen orienterte om ny ordning for Grønt kort kurs. Det blir mindre krav til teori- og praksisprøve. Alle detaljar er ikkje avklara men det blir ei fadderordning med ca 12 timar på bana med praksis og teori.

## 3. Rekneskap

Utdelt på møtet:

- Uttalelse vedrørende begrenset revisjon av rekneskap
- Regnskap 2009

Begge dokumenta datert 19.2.2009, underteikna Kurt Inge Hyllestad.

I uttale frå revisor er det kommentert at det ikkje er avsett midlar på skattetrekkonto. Leiv Årseth referete kommentar frå rekneskapsførar Ragnhild Sæle. Den aktuelle summen knyter seg til løn som ikkje var utbetalt før etter nyttår. Då det vart føreteke utbetaling vart det også avsett skattetrekk.

Rekneskapen for 2009 vart samrøystes godkjend.

## 4. Fastsetting av medlemskontingentar, speleavgift og dugnadsbetaling.

Satsane vert dei same som for 2009.

| Avgift | 2009 | 2010 |
|---|---|---|
| Innmeldingsavgift vaksen | 500 | 500 |
| Innmeldingsavgift junior/born | 0 | 0 |
| Årskontingent senior | 2 900 | 2 900 |
| Ektefelle/sambuar | 1 700 | 1 700 |
| Junior (u/20 år)/student | 1 100 | 1 100 |
| Born (7-15 år) | 400 | 400 |
| Long distance | 1 600 | 1 600 |
| Ektefelle/sambuar, Long distance | 800 | 800 |
| Passiv medlem/støttemedlem | 400 | 400 |
| Dugnadsavgift | 700 | 700 |
| Medlemskort | 100 | 100 |

| Grenenfee for medlemmer utan innbetalt spelerett | | |
|---|---|---|
| Greenfee ein dag | 150 | 150 |
| Greenfee ein sesong | 1 500 | 1 500 |

**Long distance**
Avgrensing for long distance er:
Fylkesgrense / sør om Sognefjorden

**Knøttar**
Knøttar 0-7 år er ikkje medlemmer og kan ikkje ha spelerett, men kan spele på bana i lag med føresette som har spelerett.

**Spelerett på bana.**
Spelerett eingongsinnbetaling 6000 kr. Denne speleretten er omsetteleg etter vedtektene våre. Medlemmer under 20 år kjøper ikkje spelerett før det året dei fyller 20 år.

**Prøvemedlemskap**
Prøvemedlemskap 1. året, med fritt spel på bana 1500 kr.
(Minimumskrav er gjennomført grønt kort kurs)

Alle satsane vart samrøystes vedtekne.

## 5. Oppretting av:

a. Barne-/juniorkomité
    i. Komiteen vert oppretta. Styret får fullmakt til å oppnemne medlemar.
b. Disiplinærkomité
    i. Medlemar: Roy Svalheim (leiar), Torgeir Årdal
c. Seniorkomité
    i. Ove Hagerup Larsen (leiar), Lars Sæterdal
d. Banekomité
    i. Leiv Årseth (leiar), Odd Anders Vie, Ole Jacob Bye,
e. Damekomité
    i. Ansvarleg: Ewa Sonesson
f. Handicapkomité (oppretta tidlegare)
    i. Ansvarleg: Ole Jacob Bye

Samrøystes vedteke.

## 6. Budsjett 2010

Styret sitt arbeidsbudsjett for 2010 vart delt ut. Samrøystes godkjent.

## 7. Val etter vedtektene

| | |
|---|---|
| Leiar: | Ole Jacob Bye (1 år som leiar og 1 år som styremedlem) |
| Nestleiar: | Leiv Årseth (2 år) |
| Styremedlem: | Ewa Sonesson (2 år) |
| Styremedlem: | Thor Olav Andersen (2 år) |
| Styremedlem: | Arnar Helgheim (2 år) |
| 1. vara: | Ida Berqvam (1 år) attval |
| 2. vara: | Stig Sunde (1 år) attval |

Årsmøtet etterlyste skriftleg tilråding frå valnemnda.

Styret får fullmakt til å velje representantar til ting og møte i dei organisasjonane somlaget er tilslutta.

Revisor:
Styret får fullmakt til å finne rekneskapskyndig revisor som kan ta det på dugnad. Dersom det ikkje lukkast vert Inter Revisjon Fjordane AS ved Kurt Inge Hyllestad valt mot honorar på kr 5.000,-

Ny valnemnd:
Sveinung Nordtveit
Ola Håheim (leiar)
Roy Svalheim

Alle val var samrøystes ved akklamasjon.

## 8. Ymse

Det vart trekt 2 gåvekort middag for 2 på Rica Sunnfjord Hotell:

- Inger Jorunn Årseth
- Donovan Goosen

Arnar Helgheim (ref) Odd Anders Vie Knut Gunnar Fonn

# Årsmøte 2009

# SunnFJORD GOLFklubb

# Rica Sunnfjord Hotel 23. februar 2010

## Sakliste:

1. Konstituering:
    a. Val av ordstyrar
    b. Val av referent
    c. Val av to til å skrive under møtebok.

2. Årsmelding

3. Rekneskap

4. Fastsetting av medlemskontingentar, speleavgift og dugnadsbetaling.

5. Oppretting av:
    a. Barne-/juniorkomité
    b. Disiplinærkomite
    c. Seniorkomité
    d. Banekomité
    e. Damekomité

6. Budsjett 2010

7. Val etter vedtektene
    a. 2 styremedlemmer
    b. Leiar for 1 år
    c. Nestleiar for 1 år
    d. Representantar til å møte i dei organisasjonar som laget er medlem i.

## Sak 2

**Årsmelding 2009**

**Styret si samansetning**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Ole Jacob Bye (* som leiar) |
| Nestleiar: | Ola Håheim * |
| Baneansvarleg: | Leiv Årseth |
| Styremedlem: | Sveinung Nordtveit * |
| Styremedlem: | Ewa Sonesson |
| 1.vara: | Ida Berqvam * |
| 2.vara: | Stig Sunde * |

* = på val

**Dagleg leiar/sekretær** Leiv Årseth / Donovan Goosen

**Grupper, utval, komitear**
Bane- og byggekomite:
    Leiv Årseth
Grønt kort teori:
    Hanne Dybwad Fonn
Handicapkomite:
    Ole Jacob Bye
Instruksjon:
    Donovan Goosen
Klubbutvikling:
    Leiv Årseth
Kvinnekontakt:
    Lena Årseth
Turneringskomite:
    Thomas Fraas, Arnar Helgheim, Odd Anders Vie, Donovan Goosen
Banemannskap:
    Leiv Årseth, Donovan Goosen

**Styremøter**
Det er halde 10 styremøter og handsama 93 saker sidan førre årsmøte. Styret har hatt møter gjennom heile året.

**Dagleg leiar**
Leiv Årseth har på vegne av styret hatt den daglege oppfylginga i lag med klubbsekretær Donovan Goosen

**Pro**
Sesongen 2009 var pro Donovan Goosen sin femte sesong i Sunnfjord Golfklubb. Aktiviteten rundt undervisning og pro-arbeid er godt etablert, og Donovan er ein viktig miljøfaktor i klubben.

**Butikk**
Pro Donovan Goosen har hatt ansvar for butikken i eigen regi.

## Baneutvalget

Sesongen 2008 prøvde vi å reparere greenane på hol 1,2,3 og 9 etter overvintringsskade ved å vertikalskjære og så på nytt, i håp om at det skulle gro. Dette vart mislukka. Det vart så bestemt at det skulle leggjast ferdiggras våren 2009. Våren kom og det vart etter kvart klart at overvintringsskadane var verre enn året før, slik at greenane på hol 4 og 6 ogso måtte gjerast noko med. Det vart då bestemt at ein gjekk vekk frå ferdiggras, det vart for dyrt.

Konklusjonen vart til slutt at alle greenane unnateke 5, 7 og 8 skulle såast på nytt. Bana måtte då spelast på provisoriske greenar mesteparten av sesongen. Det var ogso mykje skade på fairway, men erfaring tilsa at det meste ville gro til av seg sjølv. Skadane var dessverre så store enkelte stader at det ikkje grodde godt til, og mykje regn på ettersumaren øydela mykje. Når vi likevel måtte så på nytt, bytte vi ut greenmassane på dei greenane som ikkje var bytt i 1994. Greenane vart ogso omforma og forhåpentleg meir spennande og varierte. Spesielt hol 1/10.

Takka vere banefondet som årsmøtet oppretta, og stor dugnadsinnsats frå ein del medlemmer kom vi oss økonomisk brukbart frå eit stort og krevjande arbeid.

Greenane på hol 5, 7 og 8 var ogso sterkt skada, men vart nokonlunde brukbare ut over hausten. Disse må nok likevel ogso fornyast etter kvart. Sidan vi fekk til ei god sponsoravtale med Stein Arne Sunde om gratis bruk av gravemaskin, vart det sett i gang bygging av heilt ny green til høgre for eksisterande green på hol 8. Den gamle greenen kan då brukas uforstyrra til den nye er spelbar. Styret/ banekomiteen ser på liknande moglegheiter på hol 5 og 7, og det går å få til berre økonomien tillet det.

Som del av sponsoravtala med Stein Arne skal han byggje ny green til hol 4 utan særleg kostnad for klubben. Dette arbeidet har ikkje vore prioritert, men når sjansen baud seg, tok vi den.

Det tek etter kvart til å vekse opp mykje kratt langs alle fairwayane. Litt vart rydda på dugnad sist sumar og haust, men mykje gjenstår.

2. februar 2010
Leiv Årseth

## Grønt kort-kurs sesongen 2009

I samarbeid med Sunnfjord Folkehøgskule har Sunnfjord Golfklubb arrangert sine Grønt kort-kurs. Dette betyr at Sunnfjord Folkehøgskole er kursansvarlig og har registrert alle deltakere over 16 år som kortkurs-deltakere. Sunnfjord Golfklubb har på denne måten fått en del midler tilbake. Kortkurset må arrangeres over minst 3 kurskvelder av minimum 90 min. varighet per. gang. Dette ut i fra departementets retningslinjer for kortkursvirksomhet i Folkehøgskolen, samt i tråd med retningslinjer fra NGF.

Sesongen 2009 ble det gjennomført 1 stk Grønt kort-kurs, der det ble registrert 34 deltagere.

Vassenden 3. februar 2010
Hanne Dybwad Fonn

## Barn og Golf

Laurdag 30. mai vart det arrangert open dag for "Barn og Golf". Dette vart ein stor suksess med 45 oppmøtte barn. Open dag var ein del av rekrutteringsarbeidet og starten på Barn & Golf-satsinga i Sunnfjord GK.

Det kom 26 påmelde til 1. trening 11. juni. Alle fekk utdelt ei Barn og Golf t-skjorte og eit aktivitetshefte, inkludert i treningsavgifta. Kvar trening har vore planlagt på førehand og bestått seg av mange ulike øvelsar, både på driving rangen, puttingområdet, bunker og pitchingområdet. Vi har laga golfbane i miniatyr på driving rangen. Barna har fått lov å prøve seg på hol 1 og 9. Mange ulike typar stafettar har vore populære.

Treningane har vore lagt opp til at barna skulle få evner både praktisk og teoretisk til å klare puttemerket. Gjennom mange leikande øvingar og litt innputta teori i praksis har barna utvikla seg mykje. Øvingar der leik er framtredande fungerar godt, og ein bør ikkje terpe for mykje på det som er litt for vanskeleg å mestre med ein gong. Barna har vore flinke.

Mot slutten av sesongen gikk 21 barn opp til puttemerke og besto. Sesongavslutning 10. september med utdeling av puttemerke, kaker, saft og kaffi. Kvelden vart avslutta med "Elefantbunker-stafett".

Utstyr:
Før sesongstart vart det kjøpt inn utstyrsbag og ein del andre hjelpemiddel. Det viste seg fort vi hadde for lite små køller, og det vart kjøpt inn ein del jern og puttere.

Trenarar:
Arvid Årseth
Magne Stubhaug
Frode Bruland
Ove Hagerup Larsen
Bjørn Vidar Mathisen
Donovan Goosen
(I tillegg har vi hyra inn ekstra hjelp til puttemerke og nokon andre treningar.)

Tal:
12 treningar
26 deltakarar
21 bestått puttemerke
Treningsavgift kr 500,-

Planen for 2010-sesongen er å fortsette med Barn & Golf-trening på torsdagar, moglegvis med ei oppdeling i to grupper. Første samling blir truleg i mai. Ein ønskjer å gjere eit rekrutteringsarbeid i forkant, både på leiar- og deltakarsida.

For Barn og Golf i Sunnfjord Golfklubb,
Arvid Årseth, 22.09.09

## Juniorgolf

11 barn/ungdommer ble med i juniorgruppa – et nytt initiativ frå Sunnfjord Golfklubb. 2 hadde grønt kort fra før, 6 tok grønt kort denne sesongen og flere av disse har senket sitt handicap. 3 har ikke grønt kort. Alle fikk piquet-skjorter med klubblogo.

Ved oppstart ble treningene lagt opp mye basert på opplegget til Barn og golf (se over). Etterhvert ble spriket mellom de som ikke hadde golfkunnskaper og de som hadde grønt kort veldig stort. Selv med opplegg med ulik vanskelighetsgrad var det vanskelig å gi et godt nok tilbud til begge gruppene. Vi brukte hull 1 endel på slutten og det gav et bedre tilbud til begge gruppene.

Under en avsluttende oppsummering med juniorene, var det klar tale om at mer spilletid på banen var viktig på treningene.

Juniorturneringene som Inger Jorun Årseth satte i gang var populære, men krasjet dessverre med fotballtreninga til de fleste juniorene.

Tanker for neste sesong:

Det blir viktig å samle de som jobber med Barn og Golf og juniorene på alle plan, trenere, turneringsansvarlige osv for å legge planer som ikke krasjer. En juniorkomité kan være en god idé. Vi har noen gode juniorer som trenger trenere. Flere av disse er aktive i flere idretter.

Vi har noen juniorer som trenger mye oppfølging, med få krav. De er fysisk og aldersmessig for store til å være på Barn og Golf, men nivåmessig passer de best der. Noen av disse er ikke med i noe annen organisert aktivitet.

22.09.09
Bjørn Vidar Mathisen

## Handicapkomiteen

Ved årsrevisjon i GolfBox for handicap-status til klubbens medlemmer var det ved utgangen av året 196 (begge kjønn) som hadde etablert handicap, og 163 som hadde grønt kort.

Sortert på kjønn og handicapkategori, er det følgjande fordeling:

| Hcp.kategori | Frå - til | Kvinner | Menn |
|---|---|---|---|
| 1 | -4,4 | 0 | 1 |
| 2 | 4,5 – 11,4 | 0 | 7 |
| 3 | 11,5 - 18,4 | 1 | 28 |
| 4 | 18,5 - 26,4 | 3 | 56 |
| 5 | 26,5 - 36,0 | 16 | 84 |
| Etablert hcp | | 20 | 176 |
| Grønt Kort | | 58 | 105 |

Talet på medlemmer (begge kjønn) med etablert handicap er uendra. Det har vore ei auke på fire herrar med etablert handicap, medan det er fire færre kvinner i forhold til i fjor. Nedgangen på kvinnesida kan verke bekymringsfull, men heldigvis har det kome til fleire kvinner i grønt kort-kategorien.

Eit par herrar har bevega seg frå kategori 3 til 4, men det har totalt sett vore få endringar frå førre årsskifte. Bana vart reslopa før 2009-sesongen, med det resultat at dei fleste spelarane "mista" to-tre slag i forhold til 2008.

Provisoriske greenar mesteparten av sesongen kan ha spelt ei rolle, men ein finn ikkje alvorlege avvik i handicapjusteringar eller turneringsresultat som underbyggjer ein slik teori.

26. januar 2010
Ole Jacob Bye

## Turneringskomiteen 2009

Thomas Fraas (leiar), Arnar Helgheim, Donovan Goosen og Odd Anders Vie.

**Målsetjinga var å lage eit turneringsopplegg med "noko for ein kvar smak". Når vi sjekka GolfBox etter sesongen, finn vi 36 registrerte turneringar. Dei provisoriske greenane hindra altså ikkje stor aktivitet og jamt over god deltaking i turneringane.**

**Opningsturnering, scramble 16. mai**

18 ivrige golfarar trippa etter å starte turneringssesongen. Deltakarane vart delt inn i 6 lag. Første sigeren i 2009 gjekk til Ole Henry Lemoen, Martin Hjelle og Osmund Hjelle. Alle inntekter frå dei første turneringane gjekk til nye møblar til uteområdet rundt klubbhuset.

**Sunnfjordserien**

Vi hadde sett opp 6 innleiande turneringar der dei 4 beste var teljande. Avslutninga var eit "playoff" med 3 turneringar. Dei 2 beste talde og gav i tillegg dobbel poengsum. Til saman var 47 spelarar med i ei eller fleire av rundene!

Vinnarar i Sunnfjordserien 2009:

- Herrar A: Ole Jacob Bye
- Herrar B: Reidar Tysse
- Damer: Lena Årseth
- Herrar Senior: Jan Hansen



*Bilete: Heilt stille ved utslaget.*

**Laurdagsgolf**

Dei fleste laurdagar der det ikkje var andre turneringar, arrangerte vi "Laurdagsgolf". Flesteparten av dei 9 turneringane i år var stableford. Deltakartalet varierte frå 7 på den første turneringa til 18 den 29. juli.

**Pink Cup 6. juni**

Denne turneringa vert arrangert av damene ved Ewa Sonesson og Inger Jorun Årseth. Eit flott arrangement med 28 deltakarar. Det vart spelt scramble og vinnarlaget bestod av: Rolf Olof Skøld, Aksel Hovland, Bjørn Sønnervik og Per Kjøs.



*Bilete: Vinnarlaget i Pink Cup.*

**ESS Liga**

ESS Liga er ein konkurranse mellom Eid (Nordfjord GK), Sunnfjord og Sandane med ei rundepå kvar klubb sine baner. Sigeren gjekk til Sandane. ESS Liga starta opp i 2008 og Sandane har vunne begge gongane.

**Audi Quattro Cup 13. juni**
Arrangert av Berge & Co med Arvid Årseth og Hans Jørgen Sælen i spissen. 24 spelarar var med og Dan Nygård / Rolf Olof Skøld vann. Dei vart også nr 2 i landsfinalen på Oustøen!

**Nordea Pairs 20. juni**
24 deltakarar var med i denne parturneringa. Sigeren gjekk til Kjell Olsen og Kent Olsen.

**DN Golf 15. august**
Dette var også opningsturnering for greenane denne sesongen. I den landsdekkande konkurransen er det 3 klassar. Hjå oss spelte 28 deltakarar i klassane B og C. Odd Anders Vie og Ole Christian Åsen vann klasse B. Dei kvalifiserte seg også til landsfinalen med godt spel på Ålesund GK si bane. Dei fekk dermed ein spennande turneringstur til St Andrews! I klasse C vann Knut Gunnar Fonn og Hanne Fonn.

**Klubbmeisterskap 29. og 30. august**
Som vanleg gjekk klubbmeisterskapen over 36 hol laurdag og søndag. I tillegg til vinnarane, hugsar vi nok veret. Spesielt søndagen var det vått og etter kvart vanskelege speleforhold. Dette hindra ikkje at vi kåra verdige vinnarar:

- Herrar A: Donovan Goosen
- Herrar B: Jonathan Butcher
- Herrar Senior: Lars Waage
- Damer: Ewa Sonesson
- Junior: Marcus Gamborg
- Geir Huus minnepokal (beste resultat): Donovan Goosen



*Bilete: Klubbmeister Donovan Goosen*

**Klubbmeisterskap match**
Dette var ei nyvinning for 2009-sesongen. Dei 16 beste uavhengig av klasse i klubbmeisterskapen kvalifiserte seg til matchspelet. I ein spennande finale vann Lars Waage med 2 opp mot Donovan Goosen.

**Avslutningsturnering 3. oktober**
20 deltakarar var med i parturneringa. Årets siste sigerspremie gjekk til Jonathan Butcher og Inger Jorun Årseth.

**Premiar på avslutningsfesten 3. oktober**
Turneringskomiteen ved Arnar Helgheim og Donovan Goosen delte ut premiar frå Klubbmeisterskap og Sunnfjordserien. I tillegg har vi eit par andre årvisse utmerkingar: Mest forbetra golfar: Karl Øystein Haug. Ivrigaste golfar: Lars Sæterdal

**Til slutt**
Med såpass mange turneringar er det avgjerande å dele på arbeidet. Ei spesiell takk til Donovan! Utan hans innsats, hadde vi ikkje hatt på langt nær så mange turneringar.

**Turneringskomiteen takkar for ein spennande sesong!**
På vegner av turneringskomiteen
Arnar Helgheim

## Styret

**Medlemsoversikt**
Sunnfjord Golfklubb har ved årsskiftet 453 medlemmer, av desse er 319 aktive barn, juniorar og vaksne. Resten av medlemmene er passive og Long Distance- medlemer.

Ved forrige årsskifte var talet på medlemer 454, av desse 263 aktive.

**Minneord om Per Eggen**
Det var med sorg vi i sommar fekk melding om at Per Eggen hadde gått bort. Per var ein av dei som var veldig ivrig og ei stor støtte då klubben starta bygging av golfbana i Øygardsmyrane. Han var ein entusiast og alltid hyggeleg å treffe på bana, alltid klar med hjelp om reglar og golfhistorikk. I fleire år markerte han seg mellom anna i baneutvalget og handicapkomiteen. Per vil bli sakna av alle som var heldig nok til å bli kjent med han.

**Aktivitetsoversikt for spel på bana**

| | Sesongen 2009 | | | Sesongen 2008 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Medlemmer | Gjester | Total | Medlemmer | Gjester | Total |
| April | | | | | | |
| Mai | 376 | 54 | 430 | 425 | 38 | 463 |
| Juni | 715 | 37 | 752 | 567 | 153 | 720 |
| Juli | 638 | 107 | 745 | 560 | 52 | 612 |
| August | 746 | 32 | 778 | 892 | 24 | 916 |
| September | 265 | 7 | 272 | 565 | 20 | 585 |
| Oktober | 83 | 3 | 86 | 117 | 6 | 123 |
| November | 2 | 0 | 2 | 2 | 0 | 2 |
| Sum | **2825** | **240** | **3065** | **3128** | **293** | **3421** |

Talet på medlemsrundar gjekk ned med om lag ti prosent i 2009. Provisoriske greenar fram til midten av august og den lange nedbørsperioden frå juli til september må truleg ta mykje av skulda. Prosentvis var nedgangen i gjesterundar større, men redusert greenfee (50 kr) kan vere noko av årsaken til at feriemånaden juli viser gode aktivitetstal.

Vi gjentek at alle MÅ registrere seg før spel! Uoffisielle stikkprøver i løpet av sesongen har vist at uregistrert spel førekjem i altfor stor grad.

**Sponsorar (i 2009)**

Verdi over 25.000 kr. pr.år:
Sparebanken Sogn og Fjordane, Rica Sunnfjord Hotell, Berge & Co, Deloitte, Gjensidige, Jølstraholmen og Avishuset Firda.

Verdi 12.000 kr. - 25.000 kr pr. år:
Firda Billag/Fjordane Reisebyrå, Sunnfjord Energi, Førde kommune og Jølster kommune.

Verdi 6.000 kr. - 7.000 kr pr. år:
Bravida, Steinriket og Fjordane IT.

Klubben ynskjer å tilby sponsorane aktivitetar på anlegget. Arbeidet med å fylgje opp og skaffe nye sponsorar må prioriterast også i tida som kjem.

**Bana**

Sjå årsmeldinga frå baneutvalet. Styret har beslutta at det skal foretas utbetringar av hol 4 og 8, og dette arbeidet er allereie i gang. Greenane på hol 5, 7 og 8 vart ikkje rehabilitert i 2009, men klubben har planar og håp om å få alle i orden i løpet av eitt til to år.

Greenkeeper-funksjonen har i 2009 blitt fylt av Leiv Årseth og Donovan Goosen, i tillegg til ein innleigd person i to sommarmånader. Leiv Årseth har sagt seg villeg til å ta eit nytt år som baneansvarleg, og ein må understreke at klubben er heilt avhengig av den jobben Leiv gjer.

Styret har henta inn prisoverslag for kunstgrasgreenar fra to leverandørar. 2000 kvadratmeter til 10 greenar kjem på cirka 1,2 millionar kroner, forutsatt at grunnarbeidet gjerast sjølv. Styret var i møte 13. august 2009 einige om at kunstgras truleg er ein nødvendigheit på bakgrunn av dagens usikre banetilhøve. Finansieringa er problemet.

**Heimesida**

Heimesida vart endra i 2008, og har gått seg betre og betre til i løpet av 2009. Terminliste og turneringsresultat vart raskt oppdatert gjennom heile sesongen.

**Tillitsvalde**

Sunnfjord Golfklubb har ikkje avgitt tillitsvalde til regionale eller sentrale idrettsorganisasjonar.

**Utstyr**

Golfbil var kjøpt frå GoosenGolf for å sikre eit tilbod til spelarar med ulik grad av funksjonshemming.

**Dugnadsinnsats**

I 2009 var det mogleg å spreie dugnadsinnsatsen utover heile sesongen. I tillegg til nokre fastsatte dugnadsdagar, kunne medlemmene ta på seg og utføre oppgåver på anlegget når det passa dei. Det var ingen tvil om at klubben trengte mykje hjelp på dugnadsbasis, og ein var spent på korleis dette opplegget ville fungere. Heldigvis gjekk det svært bra, og samtlege involverte fortener ein stor takk!

Taket på klubbhuset er under reparasjon. Prosjektet er heilt avhengig av dugnadsinnsats, og fleire medlemmer stilte sist haust opp for å hjelpe til. Heile gjengen fortener stor takk for god og avgjerande innsats.

Behovet for stor og jamn dugnadsinnsats vil også i høgste grad vere tilstades i 2010. Ein håper medlemmene viser like stor entusiasme og innsats i året som kjem.

* Klubben gjev gratis rangeballar til alle som forplikter seg til et fast opplegg heile sesongen. Alle som yter ein dugnadsinnsats tilsvarande avgiftsbeløpet (7 timar), vil sjølvsagt kunne krevje refusjon av heile summen.

**Møter/arrangement/kurs**

Lørdag 25. april arrangerte Sunnfjord GK aktivitetslederkurs (barn & golf) i regi NGF. Dette er eit praktisk kurs over åtte timar, som egner seg for foreldre, ungdom og andre som ønskjer å bistå klubben i arbeidet med barn, unge og nybyrjarar i alle kategoriar. Som aktivitetsleiar kan ein fungere som trenarens høgre hånd og saman med denne kunne planlegge, organisere og gjennomføre aktivitet for ulike grupper. 12 personar (7 frå Sunnfjord og 5 frå Sandane) deltok.

Avslutningsarrangementet vart for andre året på rad arrangert på klubbhuset. Leiv Årseth vart utnemnt til æresmedlem, og fekk tildelt blomar, diplom og gåve som bevis. I tillegg var det premieutdeling for mellom anna klubbmeisterskap og Sunnfjordserien.

**Økonomi**

Regnskapet for 2009 (sjå vedlegg) viser at drifta gjekk i balanse. Dette er sjølvsagt positivt, men ein må vere klar over at klubben likevel slit med ein anstrengt økonomi. Klubben betaler berre renter på lånet til Sparebanken Sogn og Fjordane, og i 2009 vart lønnskostnadane redusert betrakteleg. Samstundes klarte klubben å få på plass seks nye greenar sist år, takka vere banefondmidlar, dugnadsinnsats og svært oppofrande innsats frå baneansvarleg Leiv Årseth.

Ein betring av økonomien vert hovedutfordringa også i 2010.
Hovudområde klubben må konsentrere innsatsen om:

- Auke sponsorinntekter
- Få klubben med i eitt eller fleire prosjekt (med tilskot)
- Kostnadseffektiv drift av bana
- Auke medlemstalet

**Økonomisk tilskot/ klubbutvikling**

Klubben fekk i 2007 tilsegn frå Jølster kommune om kr 100 000 frå eit omstillingsfond til eit 3-årig klubbutviklingsprosjekt. Dette prosjektet vart avslutta med levert sluttrapport vinteren 2010. Sparebanken Sogn og Fjordane støtta prosjektet med midlar øyremerkt for arbeid med barn og unge.

Eit nytt prosjekt av liknande karakter er ønskeleg, både med omsyn til klubbens økonomi og utvikling. Alle medlemmer oppfordrast til å bidra med idear og kontaktar som kan få Sunnfjord GK involvert i gode prosjekt.

**Framtidig utvikling**

Styret har langsiktige mål som kan oppsummerast slik:

1. Skape eit inkluderande og godt sosialt miljø i klubben der alle tar ansvar og kjenner seg velkomne
2. Få medlemer med grønt kort aktive på bana og i klubben
3. Auke medlemstalet . og auke talet på aktive medlemer som spelar på bana jamnleg.
4. Betre økonomien. ( ref. punktet over)
5. Fokusere på juniorar, finne vaksne i klubben i medlemsmassen som ser dette viktige arbeidet engasjerande.
6. Styrke golf-ferdigheitene til aktive medlemer (coaching), støtte deltaking av klubben sine medlemer når dei representerar Sunnfjord Golfklubb
7. Styrke den faglege drifta av klubben
8. Arbeide for å få fleire aktive kvinnelege golfspelarar
9. Marknadsføre klubben mot fylkeskommunen og kommunane Jølster og Førde
10. Vere klar for framtidig utvikling mot 18 hol når medlemsmassen er på plass.

**Særforbund**

Sunnfjord Golfklubb er medlem av Sogn og Fjordane Idrettskrins og Norges Golfforbund, og gjennom desse organisasjonane medlem av Norges Idrettsforbund.

## Sak 3
## Rekneskap

Sjå vedlegg 2

## Sak 4
## Fastsetting av medlemskontingentar, speleavgift og dugnadsbetaling

Sjå vedlegg 3

## Sak 5
**Oppretting av:**

a. **Barne-/juniorkomité**
b. **Disiplinærkomite**
c. **Seniorkomité**
d. **Banekomité**
e. **Damekomité**

**Sak 6**
**Budsjett 2010**

Sjå vedlegg 2

**Sak 7**
**Val**